



PARTIPROGRAM 2023-2027

Med hjarte for Surnadal

Alle som bur i Surnadal skal ha like moglegheiter til å leve gode liv. Det er alle dei ulike arbeidsplassane, frivillige lag og organisasjonar, den flotte naturen, gode kommunale tenester og ikkje minst kvar og ein innbyggjar som gjer Surnadal til ein god plass å leve og bu i. Like moglegheiter for alle kjem ikkje av seg sjølv. Vi vil investere i fellesskapsløysingar og styre utviklinga slik at Surnadal kan vere ein god plass for alle.

Med dette fellesskapet i tankane skal vi legge til rette for trygge rammer rundt ein barndom og ungdomstid fylt av sosialt fellesskap og meistring, gi alle innbyggjarane høve til å nyte naturen til rekreasjon og fritidsformål, skape trygge arbeidsplassar og tilby god eldreomsorg.

Å bu og leve i Surnadal

Vi ønskjer at alle som har flytta, eller vil flytte, til Surnadal, blir godt mottekne og integrerte som innbyggjarar av kommunen, næringslivet og frivilligheita. Vi vil arbeide for å styrke det offentlege til å ivareta heile familien, med skule, kultur, språk og fritid.

Surnadal Arbeiderparti vil

- realisere Buhagen Vest
- arbeide for eit levande sentrum gjennom god planlegging og målretta utvikling
- ha trykk på bustadutvikling, med særleg fokus på utbygging av leilegheiter av variert storleik i sentrum
- påverke private aktørar, eventuelt i samarbeid med kommunen, til å etablere utleigebustader i kommunen
- arbeide for både fibernettutbygging og 5G-dekning i heile kommunen
- vidareutvikle «Surnadal i boks» slik at alle nye innbyggjarar og firma får ein god velkomst
- fortsette å busette flyktningar etter oppmoding frå statlege styresmakter
- arbeide for at alle branndepot skal bestå og sjå på om fleire område i kommunen skal ha eigne depot

Arbeid og næringsliv

Arbeidslivet er i rask endring og kommunale tenester er utsette for press frå kommersielle aktørar. Det kan gi auka bruk av innleigd arbeidskraft og privatisering av tenestene. Det meiner vi er uheldig. Vi vil at kommunen skal sørgje for forsvarleg offentleg drift som er både effektiv og økonomisk konkurransedyktig.

Surnadal Arbeiderparti vil

- arbeide for betre tilbod om kompetanseheving, etter- og vidareutdanning for alle yrkesgrupper, slik at fleire kan stå i arbeid og kommunen har kompetansen som trengst
- arbeide for ein rekrutteringsstrategi der vi må sjå på nye og alternative måtar å skaffe kompetansen kommunen treng i framtida
- invitere universitets- og høgskulemiljøet til samarbeid om å legge aktuelle utdanningstilbod til Surnadal. Slik vil færre måtte flytte ut av kommunen på grunn av manglande utdanningstilbod.
- arbeide for nok lærlingeplassar i offentleg sektor og privat næringsliv
- arbeide for at lærlingar får fast jobb etter læretida
- arbeide for heile stillingar i kommunal sektor
- unngå privatisering av kommunale velferdstenester og arbeidsplassar
- støtte og oppmuntre til tiltak som prioriterer nydyrking
- utarbeide ein heilheitleg plan for vidare utbygging av industriområdet i Røtet
- undersøke område for nytt næringsareal andre stader i kommunen
- arbeide for å trekke til oss nye næringsaktørar og støtte vidare utvikling av lokalt næringsliv
- opprette eit utviklingsforum med formannskapet og aktørar frå lokalt næringsliv
- legge forhold til rette slik at næringsaktørar ikkje flyttar ut av kommunen på grunn av manglande moglegheiter til utvikling

Kultur og fritid

Surnadal kommune har flott natur ved sjø, elv og fjell. Vi har eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar som tilbyr eit breitt utval av aktivitetar for unge og vaksne. Dette er ressursar vi må ta i bruk og støtte oppunder på best mogleg vis med samarbeid og tilskot.

Surnadal Arbeiderparti vil

- styrke arbeid for folkehelse, friluftsliv og godt samarbeid med frivilligheita
- etablere ei rabattordning saman med lag og foreningar som gir høve til å delta i organiserte aktivitetar for fleire innbyggjarar
- utvide opningstidene i svømmehallen
- støtte arbeidet med å få bygd kunstisbane
- støtte arbeidet med å få bygd fotballhall på Syltøran
- støtte arbeidet med å få på plass ein snøscootertrase på Nordmarka
- sikre museumsarbeidet og løfte kulturminnearbeidet i kommunen
- sørgje for god ressursutnytting og forsvarleg forvaltning av jakt og fiske

Miljø og natur

Noreg skal bli eit samfunn med låge utslepp, og det må vere tydeleg i lokal politikk også. Natur og landbruk er viktige ressursar for Surnadal, og det er viktig at vi støttar opp under klimaavtalen og berekraftig utvikling.

Surnadal Arbeiderparti vil

- ha meir fokus på solceller og solfangarar på kommunale bygg
- satse meir på gjenbruk og sirkulærøkonomi, til dømes for utstyr og materiale brukt i kommunale bygg
- redusere reising ved å legge til rette for nettbasert undervising, kurs og møte
- utvide utstyrs kiosken på frivilligsentralen
- arbeide for turstiar med universell utforming

Samferdsel

Vi må samarbeide på tvers av kommune-, fylkes- og regiongrenser for betring av vegar, sjøtransport og kollektivtransport for å møte behova til trafikantar og næringsliv. Tiltak for å trygge trafikantane våre er noko vi vil prioritere høgt. Vi vil påverke fylkeskommunen til å utbetre og forsterke fylkesvegane, og å få på plass gatelys på tettbygde strekningar.

Surnadal Arbeiderparti vil

- arbeide for realisering av Todalsfjordprosjektet. Vi vil vurdere val av løysing opp mot omsynet til kommuneøkonomien, klima og natur.
- fortsette å arbeide for oppgradering, punktutbetring og fornying av fylkesveg 65
- kartlegge kva andre vegstrekningar som bør bli klassifiserte for modulvogntog for å fullt utnytte at fv 65 no er opna for modulvogntog
- utvikle Surnadal Hamn og Surnadal Hamneterminal som eit knutepunkt for regionen/landsdelen
- fortsette arbeidet for å få fast dekke på kommunale vegar
- arbeide for gang- og sykkelveg langs heile Industrivegen
- arbeide for meir utbygging av gang- og sykkelveg i tråd med trafikksikringsplanen
- arbeide for ei taxi-for-buss-løysing

Ungdom

Ein god og trygg oppvekst er det beste vi kan gi våre barn og ungdommar. Eit godt samfunn for barn og unge er også viktig for at ungdommane skal ønskje å flytte heim-att etter fullført utdanning og nokre år ute i «den store verda».

Surnadal Arbeiderparti vil

- ha attraktive møteplassar for ungdom og unge vaksne
- styrke ordninga «Sommararbeid for ungdom», slik at alle 17-åringar er sikra tilbod om arbeid
- arbeide for at det framleis skal vere minst ein læreplass per 1000 innbyggjarar per år i kommunen
- arbeide for at fritidsaktivitetar er opne og lagt til rette for at alle som ønskjer det kan delta
- gjere ungdomsklubben attraktiv for ungdommane

Skule og barnehage

Vi skal sikre at alle barn og unge i barnehage og grunnskule har eit godt lærings- og utviklingsmiljø, der alle er trygge og godt integrerte – sosialt, språkleg og fagleg.

Surnadal Arbeiderparti vil

- ha gratis skulemat for å bygge inkluderande fellesskap og utlikne sosiale forskjellar
- rekruttere fleire miljøarbeidarar, fagarbeidarar og miljøterapeuter i skulen
- arbeide for at dei som er rettleiarar for lærlingar har nok tid og rett kompetanse
- oppretthalde livskraftige skular med høg kvalitet, som er minimum tre-delte
- sørge for at gratisprinsippet i skulen blir følgt opp
- vere pådrivar for å samarbeide med fylket om å sikre og utvikle eit attraktivt fagtilbod ved Surnadal vidaregåande skule, slik at skulen blir førsteval for elevar i inntaksområdet
- arbeide for at elevar frå Halså og Rindal framleis skal ha rett til å gå på Surnadal vgs
- arbeide for at det blir rekruttert fleire menn i barnehagane og småskuletrinna

Folkehelse og helse

Godt folkehelsearbeid er noko av det «billegaste» vi kan prioritere, og det har innverknad på alle tenestene våre. Det er viktig å ha gode helsetenester og tiltak innan førebyggjande arbeid rundt rus, psykiatri og fysisk helse for menneske i alle aldrar.

Surnadal Arbeiderparti vil

- styrke skulehelsetenesta
- sikre at MOT-arbeidet blir vidareført
- styrke psykologtenesta
- arbeide for at kommunen etablerer ei permanent ordning med familierettleiar
- styrke akuttberedskapen for personar med alvorleg psykisk sjukdom
- arbeide for at helseføretaket skal oppretthalde ambulansetenesta i omfanget ho har i dag

Eldre

Det skal vere godt å bli eldre i Surnadal. Du skal få leve det livet du ønskjer og vere sjef i eige liv. Det er viktig at eldre har tilgang til sosiale arenaer som tilrettelagte møteplassar, tilbod om fysisk aktivitet og kulturtilbod. Gjennom dette legg vi til rette for lange, gode liv.

Surnadal Arbeiderparti vil

- gi eldre høve til å lære heile livet og delta i den offentlege kommunikasjonen, t.d. gjennom tilbod om dataopplæring
- innføre eit skysstilbod ved enkelte arrangement, slik at fleire kan delta på det dei ønskjer
- etablere eit tilbod om vaktmeister tenester for eldre
- i større grad ta omsyn til dei demografiske endringane i samfunnet
- arbeide for at neste planlagte utbygging av omsorgsbustader blir realisert

Omsorg for innbyggjarane

Sjølv om du på grunn av alder eller sjukdom/skade treng omsorg frå det offentlege, skal du kunne bu i heimen din så lenge som mogleg. Livet som omsorgstrengande i Surnadal skal vere fylt med meining og meistring. Vi skal satse på ei god heimeteneste og vi skal ha sjukeheims plassar til dei som ikkje lenger kan bu heime.

Surnadal Arbeiderparti vil

- opprette fleire bufellesskap for ulike grupper med moglegheit for sosialt fellesskap og aktivitet
- vidareutvikle «Helsehuset» der vi samlokaliserer og koordinerer ulike kommunale tenester og frivillig arbeid
- legge meir til rette for «generasjonsmøte», som samarbeid mellom skule og eldreomsorg
- arbeide for å rekruttere nødvendig kompetanse til sektoren
- arbeide for å rekruttere fleire menn til sektoren
- styrke samarbeidet med pårørande
- bruke velferdsteknologi som viktig hjelpemiddel i omsorgstenesta